

## **Endringar i administrasjonen Kvam herad. Rådmannen. Juni 2009**

### **1. Innleiing**

I dette notatet gjer rådmannen greie for dei endringar som er gjennomført i administrasjonen, og dei endringar rådmannen vil gjennomføre.

### **2. HMS -koordinator**

HMS-koordinator Elin Molven er tilsett som leiar for skjenkekontrollen etter Harald Johnsen, som har tatt arbeid utanfor heradet. Skjenkekontrollen er ei interkommunalordning som er lagt til Kvam. I denne ordninga betalar Kvam herad 17 prosent av ei 100 prosent stilling. Molven tiltrer i juni. Det vert ikkje tilsett ny HMS-koordinator. Ansvaret for HMS vert tillagt personalsjef.

Innsparing: 300 tusen i 2009, 500 tusen i 2010

### **3. Driftssjef**

Driftseininga (byggvedlikehald, reinhald mm) vert slått i hop med eining for VA frå nyttår, og lagt under Per Øyvind Tveiten. Eininga får namnet Teknisk drift. Fram til 1. august vert eininga leia av Tore Skeie. Frå 1. august og fram til årsskiftet vert leiinga delt mellom Eirik Haugsøen (som samstundes skal fungere som prosjektleiar) og privat konsulent<sup>1</sup>.

Innsparing 500 tusen i 2010

### **4. Barnehagesjef**

Barnehagesjef Jorunn Øyen har fått permisjon til sumaren 2010. Ansvaret for barnehagane er lagt til helse- og velferdssjef, som har ledig kapasitet etter at sosialkontoret vart inkludert i NAV og kommunelegen lagt direkte under rådmannen. Ordninga har fungert i eitt år og har vist seg dugande.

Innsparing: 400 tusen i 2009, 250 tusen i 2010

### **5. Landbrukssjef**

Landbrukssjef Gunnar Dolve er overført i 75 prosent heimel til eigedomsskattprosjektet. I dei resterande 25 prosentane løysar Dolve dei oppgåver under landbrukssjefen som treng landbruksfagleg kompetanse. Andre oppgåver som sorterar under landbrukssjefen vert fram til februar 2010 løyst av næringsjefen, eller lagt på is.

Innsparing: Inga innsparing i 2009. 75 prosent av landbrukssjefsstillinga vert ført under avsnittet administrasjon (ref. KOSTRA-inndelinga).

Gitt kravet om innsparing, ynskjer rådmannen frå 1.1.2010 å redusere næringsavdelinga med 75 prosent årsverk, slik at berre dei lovpålagde oppgåvene vert løyste.

Innsparing 400 tusen i 2010

### **6. Utmarkskonsulent**

Utmarkskonsulent Fredrick Helverschou er overført i 75 prosent stilling til eigedomsskattprosjektet. I dei resterande 25 prosentane arbeider han med viltforvaltning.

---

<sup>1</sup> I skrivande stund arbeider rådmannen for å hyre ein dugande privat konsulent.

Andre oppgåver under utmarkskonsulenten vert fram til februar 2010 løyst av nærings sjefen, eller lagt på is.

Innsparing: Inga innsparing i 2009. 75 prosent av landbrukssjefsstillinga vert ført under avsnittet administrasjon (ref. KOSTRA-inndelinga).  
All den tid heradsstyret i desember 2009 vedtok å fjerne stillinga som utmarkskonsulent må Helverschou over i annan ledig heimel når eigedomsskatteprosjekt er slutt.

Innsparing 400 tusen i 2010

## **7. Økonomisekretær**

Økonomisekretær Tone Skaar er overført i 100 prosent stilling til eigedomsskatteprosjektet. Rådmannen ser for seg at Skaar får i oppgåve å oppdatere eigedomsregisteret i ei stillingsprosent som må avklarast vinteren 2010.

Innsparing Inga innsparing i 2009, 100 tusen i 2010 (anslag)

## **8. Kultursjefen**

Kultursjef Lars Erik Klafstad vert engasjert i 100 prosent som prosjektkoordinator for prosjektet Hardinghuset frå 1. august 2009 og fram til byggestart for kulturhuset i november 2010. Stillinga vert løna over kulturhusprosjektet. Stillingsheimelen som kultursjef vert ståande ledig. I den tida Klafstad fungerer som koordinator vert ansvaret for kulturavdelinga lagt under skulesjefen. Når kultursjefen er ferdig med sitt oppdrag trer han inn igjen som kultursjef, og kulturavdelinga vert på ny eiga eining under rådmannen.

Innsparing Inga innsparing

## **9. Informasjonssjef**

Informasjonssjef Lars Endre Tholo er engasjert som prosjektleiar for Kvam bustad- og tomteselskap (KBT), og løna over prosjekt som mellom anna er tenkt finansiert ved sal av kommunale eigedomar. Stillingsheimelen som informasjonssjef er inndrege.

Innsparing 600 tusen frå 2010 (avhengig av sal)

## **10. Kommunalsjef I**

Kommunalsjef Øystein Aadland er i 80 prosent stilling som samfunnsutviklar utleigd i tre år til Ålvik Vekst KF. Heimelen som kommunalsjef står vakant i denne tida. Dei siste 20 prosentane står til rådmannens disposisjon. Aktuelle arbeidsfelt er HMS og idrett.

Aadland har hatt permisjon frå stillinga som kommunalsjef sidan 2007. I denne tida har stillinga stått vakant.

## **11. Kommunalsjef II**

Kommunalsjef Hans Atle Soldal tek over som leiar av prosjekteininga i rådmannen sin stab. Han får tittel prosjektsjef. Soldal får to oppgåver. For det fyrste skal han følgje opp alle prosjekt (utanom VA) på vegne av rådmannen. For det andre skal han søkje blant fylkeskommunale og statlege støtteordningar for å skaffe pengar til Kvam.

I regionalmeldinga frå Regjeringa frå april i år er det varsla ekstra lønnsmidlar til kommunane for å bøte på deira manglande kapasitet til å orientere seg om, og søkje etter, statsmidlar frå universet av støtteordningar og prosjektmidlar. Rådmannen vil finansiere Soldal si stilling med desse ekstra lønnsmidlane.

Kvam gjer alt mykje for å få tak i satsingsmidlar frå stat, fylkeskommune, KS og andre som gjennom økonomiske incitament vil styre utviklinga i kommunane. Rådmannen viser her til notatet *Ekstra inntekter 2009* som er å finne på heradet sine heimesider under temaet *Økonomi og innsparing*.

## **12. Ny eining**

For å styre prosjekta best mogleg og sikre så store ekstraordinære inntekter til heradet som råd er, samlar rådmannen dei som arbeider med prosjekt og inntekter i ei eiga eining – Prosjekt og inntekter. Eininga vert leia av prosjektsjef Hans Atle Soldal. Dei andre i eininga er prosjektkoordinator for Hardinghuset Lars Erik Klafstad, prosjektleiarane Arvid Tangerås og Eirik Haugsøen, og spesialrådgjevar Kjell Helvik, som arbeider for å auke kraftinntektene.

## **13. Moglege interkommunale tenester**

### **13.a Folkehelsekoordinator**

Folkehelsekoordinator Reidun Braut Kjosås er tilsett i 80 prosent. 25 av desse er øyremerka tilskot frå fylkeskommunen. Alle kommunane i Hordaland får i 2009 og åra framover midlar til folkehelsearbeid. Fleire av dei vil slite med å rekruttere ein koordinator på same faglege nivå som me har i Kvam. Rådmannen ynskjer å gjere stillinga interkommunal ved at fleire kommunar i Hardanger nyttar tenestene til koordinatoren i Kvam, og betaler for dette.

### **13.b Andre interkommunale tenester**

Rådmannen vil overfor rådmennene og Hardangerrådet ta initiativ til å drøfte tenester som *kan* løysast interkommunalt. Aktuelle tenester for interkommunalt samarbeid *kan* vere kemner, kyrkjeverje, kulturskuleadministrasjon, smittevernlege, vern mot fjordforureining, tilsyn (barnehagedrift og utbygging), internasjonalt arbeid og altså folkehelsekoordinator.

Den interkommunale utvekslinga av tenester bør ordnast slik at kvar kommune gjer i frå seg seks oppgåver, for å få regionansvaret for den sjuande. Såleis må det vere (minst) sju tenester til fordeling når alle utgreiingar er i mål.

Første steg fram i mot eit tettare interkommunalt samarbeid er å forankre initiativet i Hardangerrådet. Rådmannen har bedt om å tale til rådet den 26. juni.

## **14. Sluttord**

Grovt sett har rådmannen innretta organisasjonen til å løyse fire oppgåver, med dagens omfang og standard. Altså *dagens* omfang og standard, *større* byrder vert vanskeleg.

Det er for det første *driftsoppgåvene*. Administreringa av desse vil heretter vere på eit absolutt minimum, ikkje minst fordi dei som leiar driftseiningane òg har oppgåver som sakshandsamare. Fleire av dei er dertil engasjerte i prosjektorganisert utvikling.

Det er for det andre *støtte- og kontrolloppgåvene*. Rådmannen har bygd ned *personal* og styrkja *økonomi*. Det er råd å redusere tilsette i politisk sekretariat, men det fordrar redusert møteverksemd. Det vil ikkje rådmannen tilrå.

Det er for det tredje *utviklingsoppgåvene*. Slik heradsstyret har disponert sine midlar dei næraste åra *tyder utvikling i Kvam utbygging*. Utbyggingsoppgåvene vert løyst av prosjekt- og inntektseininga.

Det er for det fjerde arbeidet for å sjå og skape langsiktige moglegheiter, og formidle meir eller mindre dystre trendar. Desse *strategiske oppgåvene* tek rådmannen seg av.